



Walt Whitman  
**CALAMUS**



Til norsk ved  
Jan Olav Gatland

Narkissos forlag  
Bergen 2004



Narkissos forlag, Bergen 2004

© Jan Olav Gatland

E-post [jan.gatland@ub.uib.no](mailto:jan.gatland@ub.uib.no)

Heimeside <http://privat.ub.uib.no/bubjg/>

Originaltittel: *Calamus*, 1860.

Tittelblad: Walt Whitman 1854.

Tekstane kan ikkje publiserast utan løyve.

Bruk av enkeltdikt er likevel tillate når gjendiktaren blir nemnd.

ISBN 82-92569-00-6

## Innhald

På utrådde stiar.....	4
Velluktande urter frå mitt bryst .....	5
Kven du enn er som no held meg i handa.....	7
Til deg, å Demokrati .....	9
Desse syng eg om våren.....	10
Ikkje berre i rykk frå brystkassen .....	12
I frykteleg tvil om det synlege .....	13
Grunnlaget for all metafysikk .....	14
Protokollførarar i komande tider.....	15
Då eg om kvelden fekk høyra .....	16
Er du den nye personen med dragning mot meg?.....	17
Sjølve røtene og blada aleine .....	18
Ikkje eld blussar opp og fortærer .....	19
Dropar dryp.....	20
By av orgiar .....	21
Sjå dette solbrente andletet .....	21
I Louisiana såg eg veksa ei eviggrøn eik .....	22
Til ein framand.....	23
I denne stunda lengtande og tankefull .....	24
Eg høyrer eg er tiltalt .....	25
Når eg deler præriegraset .....	25
Når eg les om æra .....	26
Vi to gutar heng saman .....	26
Ein lovnad til California .....	27
Her er mine mest spinkle blad .....	27
Inga arbeidssparande maskin .....	28
Eit glimt .....	28
Eit blad til å halda hand i hand .....	29
Jord, mitt bilete .....	29
Eg drøymde i ein draum.....	30
Kva trur du eg tek pennen i handa for?.....	30
Til aust og til vest.....	31
Stundom med ein eg elsker .....	31
Til ein gut frå vest.....	32
Du fastankra evige kjærleik!.....	32
I mengda.....	33
Å, du som eg gjestar ofte og stille .....	33
Den skuggen, min like .....	34
Full av liv no .....	34
Tillegg:	
Lenge tenkte eg at kunnskap aleine var nok .....	35
Timar held fram lenge.....	36
Om tekstgrunnlaget.....	37
Etterord: Resepsjonen av Whitman i Noreg .....	37

## På utrådde stiar

På utrådde stiar,  
blant vekstrar ved sjøkanten,  
flykta frå livet som avslører seg,  
frå alle hittil kunngjorte normer, frå vellyst,  
    profitt og konformitet,  
som altfor lenge har gjeve mi sjel næring,  
klart for meg no står enno ikkje kunngjorte  
    normer, klart for meg at mi sjel,  
at sjela til mannen eg talar for, finn glede  
    i kameratar,  
her for meg sjølv borte frå verdas larm,  
her avstemt med og talt til av angande tunger,  
ikkje lenger skamfull, (for på denne bortgøymde staden  
    kan eg svara slik eg ikkje ville tort annanstads),  
styrkt av livet som ikkje avslører seg, men inneheld alt  
    det andre,  
sikker på ikkje å syngja andre songar i dag enn dei om  
    mannleg tilhøyring,  
slyngja dei ut langs det vektige livet,  
la herfrå gå i arv ulike slag atletisk kjærleik,  
i ettermiddag, denne herlege niande månaden i mitt  
    førtiførste år,  
for alle som er eller har vore unge menn, held eg fram,  
å fortelje løyndomen om mine dagar og netter,  
å lovprise trongen til kameratar.

## Velluktande urter frå mitt bryst

Velluktande urter frå mitt bryst,  
eg samlar inn blad frå dykk, eg skriv for best å bli lesen sidan,  
blad frå grav, blad frå kropp veks opp over meg, over død,  
fleirårige røter, høge blad, å, ikkje skal vinterkulda ta  
dykk, tandre blad,  
kvart år skal de atter bløma, frå der de trekte dykk  
attende, skal de atter koma til syne;  
å, eg veit ikkje om dei mange som går forbi vil oppdaga  
dykk eller anda inn den svake lukta frå dykk, men  
eg trur nokon vil;  
å spinkle blad! å blommar av mitt blod! eg gjev dykk lov å  
fortelja med eigne ord om hjartet som er under dykk,  
å, eg veit ikkje kva de tyder der innunder dykk sjølve, de  
er ikkje lykke,  
de er ofte meir bitre enn eg kan tola, de brenn og stikk meg,  
likevel er de vakre for meg, de svakt farga røter, de får  
meg til å tenkja på døden,  
døden er vakker frå deg, (kva er no eigentleg vakkert  
med unntak av kjærleik og død?)  
å, eg trur ikkje det er for livet eg her messar min song til  
elskarar, eg trur det må vera for døden,  
for så roleg, så høgtideleg veks han for å nå like inn i  
atmosfæren av elskarar,  
liv eller død er elles det same for meg, mi sjel avslår å velja,  
(eg er ikkje sikker, men den edle sjela til elskarar  
ønskjer døden mest velkomen),  
sanneleg, å død, trur eg no desse blada tyder nett det  
same som du,  
veks opp større, søte blad, så eg kan sjå! veks opp og  
ut av mitt bryst!

skund dykk bort frå det skjulte hjartet der!  
fald dykk ikkje saman slik i svakrosa røter, blyge blad!  
ver ikkje att der nede så skamfulle, urter frå mitt bryst!  
kom, eg er bestemt på å blotta mitt breie bryst, eg har  
    levd lenge nok kjøvd og kvelt;  
symbolske og lunefulle blad, eg forlet dykk, de er ikkje  
    nyttige for meg no,  
eg vil seia det eg må seia aleine,  
eg vil berre uttrykkja meg sjølv og mine kameratar, eg  
    vil aldri meir ytra eit ord, berre deira ord,  
eg vil slik vekka udøyeleg gjenklang gjennom Statane,  
eg vil gje elskarar eit eksempel som kan ta varig form  
    og vilje gjennom Statane,  
gjennom meg skal orda bli sagt som vil liva opp døden.  
Gje meg derfor din tone, å død, så eg kan stemma  
    overeins med han,  
gje meg deg sjølv, for eg ser at du framfor alt tilhøyrer  
    meg no, og er falda uløyseleg saman, du død  
    med kjærleik,  
heller ikkje vil eg tillata deg å plaga meg meir med det  
    eg kallar livet,  
for det har no vorte klart for meg at du er den absolutte  
    meining,  
at du gøymer deg i dei skiftande former for liv, av gode  
    grunnar, og at dei hovudsakleg er for deg,  
at du bortafør dei kjem fram for å bli verkeleg røyndom,  
at bak ei maske av stoff ventar du tolmodig, same kor lenge,  
at du kanskje ein dag vil ta kontroll over alt,  
at du kanskje vil løysa opp heile dette maskespelet,  
at kan henda er du det som alt er til for, men det varer  
    ikkje så svært lenge,  
men du vil vara svært lenge.

Kven du enn er som no held meg i handa

Kven du enn er som no held meg i handa,  
utan ein ting vil alt bli nytteslaust,  
eg gjev deg ei klar åtvaring før du prøver meir  
    med meg,  
eg er ikkje slik du trudde, men ein heilt annan.

Kven er han som vil bli min følgjesvein?  
Kven erklærer seg som kandidat til min kjærleik?

Vegen er tvilsam, resultatet uvisst, kanskje nedbrytande,  
du må gje opp alt anna, eg aleine forventar å vera din  
    einaste og eksklusive målestokk,  
opplæringstida vil jamvel då bli lang og slitsam,  
heile din fortidige livsteori og all konformitet med  
    livet rundt må du gje avkall på,  
slepp meg derfor no før du lagar meir vanskar for deg  
    sjølv, ta handa di bort frå skuldra mi,  
la meg gå og kom deg av stad.

Elles i løynd inne i ein skog på prøve,  
eller bak ein knaus ute i friluft,  
(for inni eit rom under eit hustak dukkar eg ikkje  
    opp, heller ikkje i eit selskap,  
og i eit bibliotek føler eg meg som døv, klønete eller  
    ufødd, eller død,)  
men kanskje med deg på ein høg ås, etter først å ha sett  
    at ingen i milevis omkrins nærma seg uforvarande,  
eller kanskje med deg i ein seglbåt på sjøen, eller på  
    ei strand eller på ei stille øy,

her får du lov å leggja dine lepper over mine,  
med det dvelande kysset til ein kamerat, eller med  
kysset til ein nygift mann,  
for eg er den nygifte mannen og eg er kameraten.

Eller om du vil, knug meg innunder dine klede,  
så eg kan kjenna slaga frå ditt hjarte eller kvila  
ved di hofte,  
ber meg med vidare på di ferd over sjø og land;  
for berre å røra ved deg slik er nok, er best,  
og medan eg rører ved deg slik, vil eg sova stille og  
bli evig boren.

Men desse blada lurar deg, lurar deg i stor fare,  
for desse blada og meg vil du ikkje forstå,  
du vil ikkje få tak på dei med det same og enda mindre  
sidan, meg vil du visseleg ikkje få tak på,  
enda du trudde at du sikkert hadde fanga meg, sjå!  
du ser at eg alt har sloppe bort frå deg.

For det er ikkje på grunn av det eg har lagt i det, at eg  
har skrive denne boka,  
heller ikkje er det ved å lesa det, at du får tak i det,  
heller ikkje kjenner dei meg best som beundrar meg og  
lovprisar meg,  
heller ikkje vil kandidatane til min kjærleik (med unntak  
av høgst nokre få) syna seg sigerrike,  
heller ikkje vil mine dikt gjera berre godt, dei vil gjera  
nett like mykje vondt, kanskje meir,  
for alt er nyttelaust utan det som du mange gonger kan  
gjetta deg til og ikkje få, det som eg ymta om;  
slepp meg derfor og kom deg av stad.

Til deg, å Demokrati

Kom, eg vil gjera kontinentet uoppløyseleg,  
eg vil skapa den mest strålande rasen sola nokon gong  
    har skine på,  
eg vil skapa guddommelege, magnetiske land,  
    med kjærleiken til kameratar,  
    med den livslange kjærleiken til kameratar.

Eg vil planta kameratskap tjukke som tre langs alle  
    elvane i Amerika, og langs breidda av dei  
    store sjøane, og over alle præriar,  
eg vil skapa uskiljelege byar med armane rundt halsen  
    på kvarandre,  
    ved kjærleiken til kameratar,  
    ved den mandige kjærleiken til kameratar.

Til deg desse frå meg, å Demokrati, for å tena deg,  
    ma femme!

Til deg, til deg syng eg desse songane.

## Desse syng eg om våren

Desse syng eg om våren, plukkar til elskarar,  
(for kven andre enn eg skulle forstå elskarar og all  
deira sorg og glede?  
og kven andre enn eg skulle vera kameratane sin  
poet?)  
eg plukkar og går gjennom hagen, verda, men skritt  
snart ut porten,  
snart langsmed vatnet, snart vassar eg litt, utan frykt for  
det våte,  
snart langsmed tregjerdet der dei gamle steinane frå  
markene, er samla i haugar,  
(villblomar og stenglar og ugras stikk opp gjennom steinane  
og dekkjer dei delvis, forbi dei går eg),  
langt, langt inn i skogen eller streifar rundt seinare på  
sommaren, før eg tenkjer på kor eg går,  
einsam, eg angar angen av jord, stansar no og då i  
stilla,  
aleine hadde eg tenkt, men snart samlar det seg ein heil  
tropp rundt meg,  
nokon går attmed meg og nokon bak, og nokon tek meg i  
armane eller rundt halsen,  
dei er åndene av kjære venner, levande eller døde, dei  
kjem tettare, ein heil flokk, og eg midt blant dei,  
samlar saman, deler ut, syng, der vandrar eg med dei,  
plukkar opp noko til minne og kastar mot dei nærmaste,  
her, nokre syrinar, med ei grein av furu,  
her, frå lomma mi, noko mose eg reiv av ei eviggrøn  
eik i Florida der den hang nedover stamma,

her, nokre nellikar og laurbærblad, og ein bukett  
salvie,  
og her det eg no dreg opp av vatnet, medan eg vassar  
langs kanten,  
(å, her såg eg sist han som elsker meg ømt, og kjem  
att for aldri å skilja seg frå meg,  
og dette, å, dette skal heretter vera teiknet på kameratar,  
denne Calamus-planten skal vera det,  
del han mellom dykk, ungdommar! ikkje la nokon  
gje han attende!)

og lønnekvistar og ei mengd ville appelsinar og kastanjar,  
og stilkar med korintar og plommeblomar, og  
angande sedertre,  
desse omgav eg med ei tjukk sky av livslyst,  
vandrar rundt, peikar på eller rører ved når eg går  
forbi, eller kastar dei laust frå meg,  
syner til kvar og ein kva han skal ha, gjev noko til  
kvar;  
men det eg drog opp av vatnet ved vasskanten, legg eg  
til side,  
eg vil gje av det, men berre til dei som elsker slik  
eg sjølv er i stand til å elska.

## Ikkje berre i rykk frå brystkassen

Ikkje berre i rykk frå brystkassen,  
ikkje i sukk om natta rasande misnøgd med meg sjølv,  
ikkje i dei lang-trekte, dårleg-undertrykte sukka,  
ikkje i mang ein eid og løftebrot,  
ikkje i min eigenrådige og primitive sjelsvilje,  
ikkje i den svake næringa frå lufta,  
ikkje i slåinga og bankinga frå tinning og handledd,  
ikkje i den underlege systolen og diastolen inni meg  
    som ein dag vil stansa,  
ikkje i mangt eit svoltent ønskje berre fortalt til  
    himmelen,  
ikkje i skrik, latter og trass, kasta frå meg når eg  
    er aleine i øydemarka,  
ikkje i den håse stønninga mellom samanpressa tenner,  
ikkje i klingjande og gjallande ord, skravlande ord,  
    ekko og døde ord,  
ikkje i mumlinga frå mine draumar når eg søv,  
heller ikkje anna mumling frå dei utrulege draumane  
    kvar dag,  
heller ikkje i lemmene og sansane i min kropp som  
    stadig grip deg og avviser deg – ikkje der,  
korkje i nokon eller i alle, å ville nærleik, å mitt  
    livs puls!  
treng eg at du finst og syner deg meir enn i desse  
    songane.

## I frykteleg tvil om det synlege

I frykteleg tvil om det synlege,  
i uvisse, når alt kjem til alt, om vi blir lurte,  
at kan henda tillit og håp likevel berre er spekulasjonar,  
at kan henda eksistens bortafør grava berre er ein  
    vakker fabel,  
kan henda tinga som eg oppfattar, dyr, plantar, menneske,  
    bakkar, skinande og rennande vatn,  
himmelen om dagen og om natta, fargar, former og  
    stoff, kan henda er desse (som dei sikkert er) berre  
    eit syn, og sjølve det verkelege står enno att å sjå,  
(kor ofte strøymer dei ikkje ut av seg sjølve som for å  
    forvirra meg eller gjera narr av meg!  
kor ofte tenkjer eg ikkje at korkje eg veit, eller nokon  
    annan veit, noko om dei,)  
kan henda synest det meg kva dei er (som dei utan tvil også  
    synest) sett frå min noverande synsvinkel, og kan vise seg  
    å vera (som dei sjølvsagt vil) ingenting av det dei syner seg  
    som, eller ingenting i det heile, sett frå heilt andre synsvinklar;  
for meg svarer desse og liknande ting på ein merkeleg  
    måte til mine elskarar, mine kjære venner,  
når han som eg elskar, reiser saman med meg eller  
    sit ei lang stund og held meg i handa,  
når den fine lufta, uhandgripeleg, på ein måte ord og  
    fornuft ikkje kan halda, omgjev oss og sprer seg i oss,  
då er eg ladd med usagt og useieleg visdom, eg er stille, eg  
    krev ikkje anna,  
eg kan ikkje svara på spørsmålet om det synlege eller på det  
    om eksistens bortafør grava,  
men eg går eller sit likeglad, eg er tilfreds,  
han som held handa mi har fullt ut tilfredsstilt meg.

## Grunnlaget for all metafysikk

Og no mine herrar,  
eitt ord gjev eg dykk å ta vare på i sinn og minne,  
som grunnlag og finale for all metafysikk.

(Så sa den gamle professoren til studentane,  
mot slutten av sitt overfylte kurs.)

Etter å ha studert antikken og det nye, det greske og  
det germanske system,  
studert og forelese over Kant, Fichte, Schelling og Hegel,  
forelese over emnet Platon, og Sokrates større enn Platon,  
og større enn kva Sokrates utforska og gjorde greie for,  
Kristus den guddommelege etter lange studiar,  
ser eg i dag restar av greske og germanske system,  
ser heile filosofien, ser kristne kyrkjer og doktrinar,  
ser no klart bak Sokrates, og bak Kristus den  
guddommelege ser eg,  
ein manns dyrebare kjærleik til kameraten, dragnaden  
mellom venn og venn,  
mellom dei godt gifte mann og kone, mellom barn og  
foreldre,  
mellom by og by og land og land.

## Protokollførarar i komande tider

Protokollførarar i komande tider

kom, eg vil ta dykk med bak dette ufølsame eksteriøret, eg  
vil fortelja kva det er å seia om meg,  
kunngjer mitt namn og heng opp mitt bilete som det av  
den mest kjærlege elskar,  
portrettet av vennen, elskaren som hans venn og elskar var  
mest glad i,  
som ikkje var stolt av sine songar, men av det grenselause  
havet av kjærleik inni seg og uhemma auste av det,  
som ofte gjekk turar aleine og tenkte på sine kjære  
venner og elskarar,  
som tankefull borte frå ein han elska, låg ofte søvnlaus og  
utilfreds om natta,  
som altfor godt kjende den sjuke, sjuke frykta for at den  
han elska, i løynd skulle bli likegyldig for han,  
som hadde dei lykkelegaste dagane langt borte over marker, i  
ein skog, på ein ås, han og ein annan vandrar hand i  
hand, dei to fjernt frå andre menn,  
som ofte då han steifa rundt i gatene, la armen om skuldrene til  
sin venn medan vennens arm også kvilte på han.

## Då eg om kvelden fekk høyra

Då eg om kvelden fekk høyra at mitt namn var blitt teke  
imot med applaus i kongressen, var det likevel  
ikkje noka lykkeleg natt som følgde,  
og elles når eg rangla eller når mine planar blei fullførte, var  
eg framleis ikkje lykkeleg,  
men ein dag då eg ved daggry reis opp or senga i fin form,  
oppkvikka, song og trekte inn haustens modne andedrag,  
då eg såg fullmånen bleikna i vest og bli borte i morgonlyset,  
då eg vandra aleine over stranda, kledde av meg og bada, lo  
med dei kjølige bølgiene og såg sola stå opp,  
og då eg tenkte på at min kjæraste venn, min elskar, var  
på veg mot meg, å, då var eg lykkeleg,  
å, då smakte kvart andedrag søtare, og heile den dagen metta  
maten meg meir, og den herlege dagen gjekk godt,  
og den neste kom med same gleda, og med den neste om  
kvelden kom min venn,  
og den natta medan alt var stille høyrde eg bølgiene rulle utan  
stans sakte mot land,  
eg høyrde den vislande raslinga av sand og sjø, som liksom  
kviskrande kom til meg for å gratulera,  
for den eg elska mest låg og sov hjå meg under det same  
teppet i den kjølige natta,  
i dei stille haustlege strålane frå månen var hans andlet  
vendt mot meg,  
og hans arm kvilte lett på mitt bryst – og den natta var eg  
lykkeleg.

Er du den nye personen med draging mot meg?

Er du den nye personen med draging mot meg?

Først ei åtvaring, eg er sikkert ein heilt annan enn du trur;  
ventar du å finne ditt ideal i meg?

trur du det er så lett å få meg til å bli din elsker?

trur du vennskapen med meg vil bli udelt tilfredsstillande?

trur du eg er påliteleg og trufast?

ser du ikkje lenger enn til denne fasaden, dette mitt  
glatte og milde vesen?

ventar du å avansera på fast grunn mot ein verkeleg  
heltemodig mann?

har du ikkje tenkt på, du drøymar, at kan henda er alt  
berre maya, ein illusjon?

## Sjølve røtene og blada aleine

Sjølve røtene og blada aleine er dette,  
dufter henta til menn og kvinner frå ville skog og  
vasskant,  
brystsyre og kjærleiksnellik, fingrar som viklar seg  
tettare enn vinrankar,  
utbrot frå strupen til fuglar skjulte i lauvverket når sola  
står opp,  
bris frå jord og kjærleik send frå levande land til dykk på det  
levande havet, til dykk, å sjømenn!  
frostmodne bær og kvistar på tredje månaden tilbudt friske  
til unge personar som vandrar ute på marka når  
vinteren bryt opp,  
kjærleiksknoppar sette framfor deg og i deg kven du enn er,  
knoppar som vil falda seg ut slik dei alltid har gjort,  
viss du gjev dei varme frå sola, vil dei opna seg og gje  
deg form, farge, parfyme,  
viss du blir næring og væske, vil dei bli blomar, frukt,  
høge greiner og tre.

Ikkje eld blussar opp og fortærer

Ikkje eld blussar opp og fortærer,  
ikkje havbølgjer hastar ut og inn,  
ikkje lufta herleg og tørr, lufta av moden sommar, som lett  
ber med seg kvite dunballar frå myriadar av frø,  
svevar, siglar elegant, landar der dei må;  
ikkje desse, å, ingen av desse meir enn flammene av meg, som  
fortærer, brenn for hans kjærleik som eg elsker,  
å, ingen meir enn eg hastar ut og inn;  
hastar tidevatnet, søker noko og gjev aldri opp? Slik også  
med meg,  
å, verken dunballar eller parfyme, eller dei høge  
regngjevande skyene blir borne gjennom lufta,  
ikkje meir enn sjela mi blir boren gjennom lufta,  
svevar i alle retningar, å kjærleik, for vennskap, for deg.

## Dropar dryp

Dropar dryp! forlet mine blå årer!  
å, dropar av meg! dryp, sakte dropar,  
fell opne frå meg, pipar, blødande dropar,  
frå sår laga for å fri dykk frå der de var fanga,  
frå andletet mitt, frå panne og lepper,  
frå brystet mitt, innifrå, der eg var skjult, press fram  
    raude dropar, dropar av tilståing,  
set flekkar på kvar side, på kvar song eg syng, kvart  
    ord eg seier, blodige dropar,  
la dei få kjenna den skarlaksraude heten, la dei glinsa,  
gjennomtreng dei med alt det skamfulle og våte,  
glød på alt eg har skrive eller skal skrive, blødande  
    dropar,  
la alt bli sett i lyset frå dykk, blussande dropar.

## By av orgiar

By av orgiar, turar og glede,  
by som eg har budd og sunge i, og som ein dag vil gjera  
deg vidgjeten,  
ikkje opptoga dine, ikkje dei skiftande tablåa eller  
framsyningane betaler meg tilbake,  
ikkje dei uendelege rekkjene av hus eller skipa ved kaien,  
heller ikkje prosesjonane i gata eller dei blanke vindauga  
fylte med varer,  
heller ikkje å konversera med lærde personar eller yta min  
del ved høgtid eller fest;  
ikkje det, men når eg kryssar Manhattan og dine hyppige og  
forte augnekast tilbyr meg kjærleik,  
tilbyr svar på min eigen – desse betaler meg tilbake,  
berre elskarar, stadige elskarar, betaler meg tilbake.

## Sjå dette solbrente andletet

Sjå dette solbrente andletet, dei grå auga,  
skjegget, den kvite uklipte ulla i nakken,  
mine brune hender og tause manerar utan sjarm;  
likevel er det på Manhattan ein som ved avskjed alltid  
kysser meg lett på leppene med robust kjærleik,  
og eg, midt på gata eller på eit skipsdekk, gjev kysset  
tilbake,  
vi har sett at slik helsar amerikanske kameratar, på land og  
til sjøs,  
vi er to slike naturlege og likesæle personar.

## I Louisiana såg eg veksa ei eviggrøn eik

I Louisiana såg eg veksa ei eviggrøn eik,  
heilt aleine stod ho og mose hang ned frå greinene,  
utan selskap voks ho der og gav frå seg glade mørkgrøne  
    blad,  
og synet av henne, grov, ubøyeleg og vital, fekk meg til å  
    tenkja på meg sjølv,  
men eg undra meg på korleis ho kunne gje frå seg glade  
    blad når ho stod der aleine utan ein venn nær seg, for  
    eg visste at eg ikkje kunne,  
og eg brekte av ein kvist med noko blad på, og tvinna  
    litt mose rundt,  
og tok han med, og sette han godt synleg på mitt rom,  
det er ikkje for å minna meg om mine egne kjære venner,  
(for i det siste har eg vel knapt tenkt på anna enn dei),  
likevel blir det for meg eit merkeleg teikn, det får meg til å  
    tenkja på mannleg kjærleik;  
for sjølv om den eviggrøne eika strålar einsam borte i  
    Louisiana på eit vidt og flatt område,  
og gjev frå seg glade blad heile livet utan ein venn, ein  
    elskar nær seg,  
veit eg svært godt at eg ikkje kunne.

## Til ein framand

Du framande som passerer! Du veit ikkje kor med  
    lengsel eg ser på deg,  
du må vera han eg leita etter, eller ho eg leita etter (det kjem  
    til meg som i ein draum),  
ein stad har eg sikkert levd eit liv i glede med deg,  
alt kjem att om korleis vi stakk av i lag, ustadige, kjærlege,  
    kyske, modne,  
du voks opp med meg, var ein gut med meg eller ei jente  
    med meg,  
eg åt med deg og sov med deg, din kropp var ikkje berre  
    din, let heller ikkje min kropp vera berre min,  
du gjev meg glede av auga, andletet og kroppen din når  
    vi møtest, medan du tek det same av skjegget,  
    brystet og hendene mine,  
eg skal ikkje snakka til deg, eg skal tenkja på deg når eg  
    sit aleine eller vaknar aleine om natta,  
eg skal venta, eg tviler ikkje på at eg skal treffa deg att,  
eg skal sjå til at eg ikkje mister deg.

## I denne stunda lengtande og tankefull

I denne stunda lengtande og tankefull sit eg aleine,  
tru om det ikkje i andre land finst andre menn  
    lengtande og tankefulle,  
tru om eg ikkje kan sjå etter og få auge på dei i Tyskland,  
    Italia, Frankrike, Spania,  
eller langt, langt borte i Kina eller i Russland eller  
    Japan, der dei snakkar andre språk,  
og eg trur at om eg kjende dei mennene, ville eg bli  
    knytt til dei slik eg blir til menn i mitt eige land,  
å, eg veit vi ville bli brødre og elskarar,  
eg veit eg ville bli lykkeleg saman med dei.

## Eg høyrer eg er tiltalt

Eg høyrer eg er tiltalt for å vilja øydeleggja institusjonar,  
men eg er då verken for eller imot institusjonar,  
(kva har no eg til felles med dei? eller med øydelegginga  
av dei?)

eg vil berre etablera, på Mannahatta og i kvar ein by i  
desse Statane innanlands og ved kysten,  
og på marker og i skogar, og over alle små eller store  
kjølar som går på vatnet,  
utan byggverk eller reglar eller styre eller noko diskusjon,  
institusjonen for den kjære elsken til kameratar.

## Når eg deler præriegraset

Når eg deler præriegraset, andar inn den særeigne angen,  
krev eg av det eit åndeleg samsvar,  
krev den rikaste og næraste kameratskap mellom menn,  
krev at grasstrå reiser seg med ord, handling, skapningar,  
dei med ope vesen, grove, solfylte, friske, næringsrike,  
dei som går på sitt eige vis, oppreiste, rører seg med  
fridom og kontroll, leiar og følgjer ikkje,  
dei med ei aldri dempa dristigheit, dei med søt og lysten  
kropp utan lyte,  
dei som ser likesælt opp i andletet på presidentar og  
guvernørar, som for å spørja *Kven er du?*  
dei med jordbunden lidenskap, enkle, aldri anstrengte, aldri lydige,  
dei inni landet Amerika.

## Når eg les om æra

Når eg les om æra som heltar har vunne seg, og om sigrane til  
mektige generalar, misunner eg ikkje generalane,  
heller ikkje presidenten i sitt embete, eller den rike i sitt  
storslåtte hus,  
men når eg høyrer om brorskapen mellom elskarar, korleis det  
var med dei,  
korleis dei heldt saman gjennom livet, gjennom farar og hat,  
uforanderlege, lenge, lenge,  
gjennom ungdom, manndom og alderdom, kor sikre, kor  
kjærlege og trufaste dei var,  
då blir eg tankefull – eg går hastig bort, fylt av den bitraste misunning.

## Vi to gutar heng saman

Vi to gutar heng saman,  
den eine forlet aldri den andre,  
vandrar opp og ned vegar, går turar i nord og sør,  
nyt styrken, strekkjer albuar, grip etter fingrar,  
væpna og fryktlause, et, drikk, søv, elskar,  
godtek inga anna lov enn oss sjølve, seglar, slåst, stel,  
tuar,  
skremmer gniarar, tenarar og prestar, andar luft, drikk  
vatn, dansar i graset eller på stranda,  
fordreier byar, foraktar komfort, hånar reglar, jaktar på  
svakheit,  
fullfører vårt tokt.

## Ein lovnad til California

Ein lovnad til California,  
eller til innlandet dei store landlege slettene, og vidare til  
    Puget Sound og Oregon;  
oppheld meg litt lenger i aust, snart reiser eg til deg, for å  
    bli, for å undervisa i robust amerikansk kjærleik,  
for eg veit så vel at eg og robust kjærleik høyrer til hjå  
    deg, i innlandet og på vestkysten;  
for desse Statane strekkjer seg mot innlandet og mot  
    vestkysten, og det vil eg òg.

## Her er mine mest spinkle blad

Her er mine mest spinkle blad, og likevel varer dei  
    lengst,  
her skjermar eg og skjuler mine tankar, eg avslører  
    dei ikkje sjølv,  
og likevel avslører dei meg meir enn alle mine andre  
    dikt.

## Inga arbeidssparande maskin

Inga arbeidssparande maskin,  
heller inga oppdaging har eg gjort,  
heller ikkje vil eg kunna etterlata meg noka rik arv til å  
    grunnleggja eit sjukehus eller eit bibliotek,  
heller ingen spor etter noka modig gjerning for Amerika,  
heller ingen litterær eller intellektuell suksess, inga bok til  
    bokhylla,  
men eit par lovsongar som dirrar gjennom lufta, etterlet eg,  
til kameratar og elskarar.

## Eit glimt

Eit glimt fanga gjennom ei opning,  
av ein flokk arbeidarar og kuskar rundt omnen, i ein  
    kafé seint ein vinterkveld, medan eg sit upåakta i  
    eit hjørne,  
av ein ungdom som elskar meg og som eg elskar, som  
    nærmast seg stille og set seg tett ved, så han kan  
    halda meg i handa,  
ei lang stund i bråket frå folk som kjem og går, frå drikk  
    og banning og grove vitsar,  
vi to der, tilfredse, lykkelege over å vera saman, snakkar  
    lite, kanskje ikkje eit ord.

## Eit blad til å halda hand i hand

Eit blad til å halda hand i hand;  
de naturlege skapningar, gamle og unge!  
de på Mississippi og på alle greiner og armar av  
    Mississippi!  
de vennlege båtsmenn og mekanikarar! de røffe!  
de som er par! og alle de som går i flokk nedover gata!  
eg vil mengja meg med dykk til eg ser det er vanleg for  
    dykk å gå hand i hand.

## Jord, mitt bilete

Jord, mitt bilete,  
sjølv om du verkar så uttrykkslaus, fyldig og rund,  
har eg no mistanke om at det ikkje er alt;  
har eg no mistanke om at det er noko vilt i deg som  
    krev å få bryta fram,  
for ein atlet er forelska i meg, og eg i han,  
men overfor han er det noko vilt og frykteleg i meg som  
    krev å få bryta fram,  
eg tør ikkje fortelja det i ord, jamvel ikkje i desse songane.

## Eg drøymde i ein draum

Eg drøymde i ein draum at eg såg ein by som kunne stå  
imot angrep frå heile resten av verda,  
eg drøymde at det var den nye Byen av Venner,  
ingenting var der større enn eigenskapen robust kjærleik,  
som gjekk føre alt,  
det blei sett kvar time i menns handlingar i den byen,  
og i alle deira blick og ord.

## Kva trur du eg tek pennen i handa for?

Kva trur du eg tek pennen i handa for å skriva om?  
Slagskipet, perfekt forma, majestetisk, som eg såg  
passera i dag under fulle segl i rom sjø?  
Gårsdagens prakt? Eller den praktfulle natta omkring  
meg?  
Eller storbyens pralande vekst og ære spreidd rundt  
meg? – Nei;  
men rett og slett om to vanlege menn eg såg på bryggja i  
dag midt i folkemengda, som skilde lag slik to kjære  
venner skil lag,  
han som skulle bli att, hang om halsen på den andre og  
kyste han lidenskapleg,  
medan han som skulle reisa klemte den andre fast i  
armane sine.

## Til aust og til vest

Til aust og til vest,  
til mannen i Seaside State og i Pennsylvania,  
til kanadiaren i nord, til sørstatsmannen som eg elskar,  
desse med full tillit til å skildra deg lik meg sjølv, spiren  
er i alle menn,  
eg trur hovudmålet med desse Statane er å grunnleggja ein  
storslått vennskap, opphøgd, tidlegare ukjend,  
fordi eg sansar at han ventar, og har alltid venta, latent i  
alle menn.

## Stundom med ein eg elskar

Stundom med ein eg elskar fyllest eg med angst og frykt for  
å strøyma over av kjærleik som ikkje blir gjengjeld,  
men no trur eg ikkje det finst kjærleik som ikkje blir  
gjengjeld, betalinga er viss på den eine eller den  
andre måten,  
(eg elska ein viss person glødande og min kjærleik blei  
ikkje gjengjeld,  
likevel har den fått meg til å skriva desse songane.)

## Til ein gut frå vest

Mange ting å forstå i det som eg lærer deg, for å hjelpa  
deg å bli min elev;  
men om blod lik mitt ikkje strøymmer i dine årer,  
om du ikkje stille blir valt ut av elskarar og stille vel ut  
elskarar,  
kva tener det til at du prøver å bli min elev?

## Du fastankra evige kjærleik!

Du fastankra evige kjærleik! du kvinne som eg elskar!  
du brud! du kone! meir uimotståeleg enn eg kan  
uttrykkja, er tanken på deg!  
deretter skilt, som frigjort frå kroppen eller født på ny,  
eterisk, den siste atletiske røynd, mi trøyst,  
eg stig, eg flyt i sonene av din kjærleik, du mann,  
du som deler mitt flakkande liv.

## I mengda

I mengda av menn og kvinner,  
merkar eg ein som vel meg ut med løyndomsfulle og  
guddommelege teikn,  
godtek ingen andre, verken foreldre, kone, ektemann,  
bror eller barn, som nærmare enn eg,  
nokon blir forvirra, men ikkje han der – han kjenner  
meg.

Å, elsker og fullkomne likemann,  
eg meinte du ville oppdaga meg slik ved vage hint,  
og eg, når eg møter deg, vil oppdaga deg ved det same i  
deg.

## Å, du som eg gjestar ofte og stille

Å, du som eg gjestar ofte og stille for å kunna vera med  
deg,  
om eg går attmed deg, eller sit nær deg, eller er i det same  
rommet som du,  
lite merkar du til den vare elektriske elden som for di skuld  
spelar i meg.

## Den skuggen, min like

Den skuggen, min like, som går til og frå, og søker eit  
    levebrød, skravlar og kjøpslår,  
kor ofte tek eg meg ikkje i å stå og sjå på han som pilar  
    av stad,  
kor ofte tviler eg ikkje og lurar på om det verkeleg er meg;  
men blant mine elskarar, og når eg syng desse songane,  
tviler eg aldri på at det verkeleg er meg.

## Full av liv no

Full av liv no, kompakt, synleg,  
eg, førti år gammal i det åttitredje året til Statane,  
søker éin eit hundreår frå no, eller kva for helst hundreår  
    frå no,  
søker deg, som enno ikkje er født.

Når du les dette, har eg som var synleg, blitt usynleg,  
no er det du, kompakt, synleg, som oppdagar dikta  
    mine, søker meg,  
og tenkjer på kor lykkeleg du ville bli om eg kunne vera  
    saman med deg og vera kameraten din;  
lat som om eg var saman med deg. (Ver ikkje for trygg på  
    at eg ikkje er saman med deg no.)

Lenge tenkte eg at kunnskap aleine var nok

Lenge tenkte eg at kunnskap aleine var nok for meg, å,

om eg berre kunne få kunnskap!

sidan oppslukt av Præriens land, landet i Ohio, dei sørlege

savannane – dei ville eg leva for – eg ville bli

talaren deira;

sidan møtte eg eksempel på gamle og nye heltar – eg

hørde om krigarar og sjømenn, alle fryktlause

som nokon – og tru om ikkje eg òg hadde det i

meg å bli like fryktlaus som nokon, og ville bli slik;

og sidan, for å vedgå alt, kom det for meg å bli kjend

med songane om den Nye Verda – og eg truddde

at livet mitt måtte bli eit liv i song;

men merk dykk no, prærieland, sørlege savanneland, Ohio-land,

merk deg, du Kanuck-skog – og du Huron-sjø og alt det med

dykk som strøymer mot Niagara – og du Niagara òg,

og de, kaliforniske fjell – at de kvar og ein finn nokon

andre til å syngja desse songane,

for eg kan ikkje lenger vere songaren dykkar – eg har halde

opp med å ha glede av dei. Eg har funne han som

elskar meg, som eg han, i fullkommen kjærleik,

resten greier eg meg utan – eg riv meg laus frå det eg tenkte

ville vera nok for meg, fordi det ikkje er det – det

verkar no tomt og smaklaust på meg,

eg ensar ikkje lenger kunnskap, og det storslåtte med

Statane, og eksempel på heltar,

eg er likeglad med mine eigne songar – eg skal reisa med

han eg elsker og han skal reisa med meg,

det vil vera nok for oss begge at vi er i lag – vi skal

aldri meir skiljast.

## Timar held fram lenge

Timar held fram lenge, med sårt og tungt hjarte,  
timar i skumring når eg dreg meg attende til ein einsam  
    stad som er lite vitja, sit ned, støttar andletet i  
    hendene;  
timar utan søvn, midt på natta når eg går vidare, skundar  
    meg fort langs landevegar, eller langs bygater, eller  
    skrittar mil etter mil og kveler klagande rop;  
timar utan mot, uroleg – for han som eg ikkje blir tilfreds  
    utan, såg eg snart bli tilfreds utan meg;  
timar når eg er gløymd (å, det går veker og månader, men  
    eg trur eg aldri vil bli gløymd!)  
timar med tungsinn og liding! (eg skammar meg – men det  
    nyttar ikkje – eg er som eg er;)  
timar med pine – eg undrar meg på om andre menn nokosinne  
    har det på same måten, utfrå dei same kjenslene?  
er det på heile jorda ein annan mann lik meg –  
er han uroleg som eg er no – og er hans venn, hans elskar,  
    tapt for han?  
står han opp om morgonen, nedslått, tenkjer på kven som  
    er tapt for han? eller vaknar om natta, tenkjer på  
    kven som er tapt?  
gjev han òg vennskapen sin ly stille og uendeleg? ly til  
    kvalar og lidenskap?  
gjev eit flyktig minne han tilbakefall, eller at nokon tilfeldig  
    nemner eit namn, og gjer han nedtrykt og taus?  
ser han seg avspegla i meg? ser han, i desse timane, avspegla  
    konturen av sine timar?



## Om tekstgrunnlaget

Dei 39 første dikta tilsvarer heile den offisielle *Calamus*-seksjonen i *Leaves of Grass* og er presenterte i tradisjonell rekkefølge. Tekstgrunnlaget er Walt Whitman: *Leaves of Grass and Selected Prose* ved Sculley Bradleye (New York 1949, rev. utg. 1962).

Dei to tilleggsdikta til slutt er også *Calamus*-dikt frå 1860, men blei seinare utelatne frå *Leaves of Grass*. Teksten her er henta frå Charles Shively: *Calamus Lovers. Walt Whitman's Working-Class Camerados* (San Francisco 1987). Dei to dikta er også gjengitt i Frederik Schybergs *Walt Whitman* (København 1933).

Tidlegare versjonar av dikta "Protokollførarar i komande tider", "Då eg om kvelden fekk høyra", "Eit glimt", "Kva trur du eg tek pennen i handa for?" og "I mengda" er trykte i Jan Olav Gatland (red): *Frå mann til mann. Dikt om menns kjærleik til menn* (Oktober 1986). Dei sju første dikta har dessutan vore trykte i Jon Fosse et al. (red.): *Poetisk modernisme* (Samlaget 1995).

## Etterord: Resepsjonen av Whitman i Noreg

*Det er dette i meg – eg veit ikkje kva det er – men eg veit det er i meg (...)  
det er utan namn, det er eit ord ein ikkje seier.* (Frå Whitman: *Song of Myself*).<sup>1</sup>

Walt Whitman (1819-1892) møtte mange ulike slags reaksjonar på sin uortodokse måte å skrive dikt på då hovudverket hans, *Leaves of Grass* [=Grasstrå], blei utgjeve for første gong – i 1855 og utan forfattarnamn på tittelbladet. Dikta er utan rim, strofene er uvanleg lange, av ulik lengde og med innskot og parentesar, og fleire hevda at dikta berre var ei opphoping av ord utan rytme. Whitman skal ha brukt meir enn tretten tusen gloser, og over halvparten berre éin einaste gong. I tillegg meinte mange at Whitman var altfor sjølvsentrert og for oppteken av det kroppslege, det sanslege; han syntest å vere både panerotisk og autoerotisk. Særleg var det dikta i avdelinga *Adams barn* som verka fråstøytande. Her reknar dikteren opp kroppsdelar, og talar om kjønn og seksualitet like naturleg som fødsel og død. Her er det lyriske *eg* både lysten og potent, badar songane sine i sex og oppfordrar folk til å ta på han: "Ver ikkje redd for kroppen min".

Men verst av alt var nok Whitmans hyllest til vennskap og kjærleik mellom menn, eit tema som allereie var tydeleg i den første utgåva av *Leaves of Grass*, men som i 1860-utgåva blei tildelt ei eiga avdeling med fellestittelen *Calamus*. Dei 45 dikta (som seinare blei redusert til 39,) er kalla opp etter kalmusrota (*Calamus aromaticus*), sikkert på grunn av den fallosliknande blomsterkolben som står rett ut på den meterhøge stengelen. (På latin tyder *calamus* spanskrøyr.) Kalmusrota veks ved breidda av einskilde vatn, har ei sterk aromatisk lukt og har i Noreg vore nytta i folkemedisinen. Diktet "Desse syng eg om våren" kan oppfatast som eit slags titteldikt i denne bolken sidan det berre er her *Calamus*-planten blir nemnd med namn.

---

<sup>1</sup> Dette namnlause kan minne om dei berømte orda som Lord Alfred Douglas, Oscar Wildes elsker, skreiv i diktet "Two Loves" (1894): "I am the Love that dares not speak its name".

I dag er truleg dei fleste samde i at *Calamus*-dikta er ei lovprising av mannleg vennskap og sanseleg kjærleik mellom menn.<sup>2</sup> Dette høver også til det vi veit om forfattaren gjennom tidlegare utgåver av dikta, dagbøker, brev og personlege vitnesbyrd. Men mange litteraturforskarar og biografar har bevisst unnlate å sjå denne sida av Amerikas store diktarhøvdning, og siterer gjerne den 71 år gamle forfattarens eigne ord om at han hadde seks barn med ulike kvinner – noko ingen av vennene hans har høyrte om, og noko mange trur har vore ei bevisst avsporing frå den gamle og sjuke diktarprofeten si side.<sup>3</sup> I si omfattande doktorgradsavhandling med tittelen *Walt Whitman* tok den danske litteratur- og teaterkritikaren Frederik Schyberg alt i 1933 eit grundig oppgjer med dette såkalla beviset på "Whitmans uangribelige Hetero-Seksualitet". Likevel skreiv Kurt Narvesen heilt ukritisk om dette i 1984 som om det var historiske fakta: "Når det forøvrig gjelder hans private lyster og tendenser, kan det nevnes at Whitman hadde seks barn – spredt over en del stater."<sup>4</sup>

I dette etterordet<sup>5</sup> vil eg rette merksemda på korleis Whitman og dikta hans blei tekne imot her heime. Hjø Whitman er form og innhald så pass tett samanvevd at folks reaksjonar antakeleg også røper noko om deira syn på diktarens lovprising av "the dear love of comrades". Ein av dei første i Norden som uttaler seg om Whitman, er danske Rudolf Schmidt, som etter å ha lese om Whitman i eit engelsk tidsskrift, tek kontakt med den amerikanske poeten og brevvekslar med han frå 1871 til 1889. Schmidt skriv i 1872 ein lang artikkel om "Walt Whitman, det amerikanske Demokratiets Digter", som blir trykt i *For Idé og Virkelighed*, eit tidsskrift han sjølv redigerte saman med mellom andre Bjørnstjerne Bjørnson.<sup>6</sup>

I artikkelen understrekar Rudolf Schmidt Whitmans sikre, majestiske rytme, hans særeigne bibelske tonefall, hans evne til å formidle det bølgjande, voggande og bøyelege i det svaiane graset og hans naturkraft, nesten som "Brøl af et Rovdyr i Brunst-Tiden" og "en Gjenlyd af den græske Oldtids Priapiske Hymner". Schmidt meiner også at *Calamus*-dikta forherligar vennskapen mellom menn, eller *the love of comrades*, og han gjendiktar mellom anna dikta "I Louisiana såg eg vekse ei eviggroen eik" og "Til deg, å demokrati", men avviser likevel at Whitman skal ha "vulgære Tilbøieligheder". Han forklarar diktarens "love of comrades" som ein del av det moderne demokratiets politisk-sosiale doktrine om fridom, likskap og brorskap: "Whitman besynger Tiltrækningen mellem Kjønnene som det sunde Grundlag for en ny Slægt og Mænds kjærlighedsfulde Hengivenhed for hinanden som et frit Samfunds sande forenende Kraft."

Schmidt hadde på førehand sendt artikkelen til Bjørnson, som skreiv panegyrisk tilbake:

---

<sup>2</sup> Sjå til dømes Gary Schmidgall: *Walt Whitman: A Gay Life* (1997). Som kjelde har Schmidgall ikkje minst hatt nytte av Horace Logo Laubel sine ni bind med transskripsjonar av samtalarane sine med vennen Whitman mellom 1888 og 1892, *With Walt Whitman in Camden*, der dei to siste binda først blei utgjevne i 1996. Den same Gary Schmidgall står også bak ei nyutgåve av Walt Whitman: *Selected Poems 1855-1892* (1999), inkludert alle dei 45 *Calamus*-dikta i original rekkjefølgje. Sjå òg Vivian R Pollak: *The erotic Whitman* (2000).

<sup>3</sup> Whitman skreiv om barna sine i eit svar til John Addington Symonds (1840-93), som etter fleire års brevveksling ville ha eit eintydig svar på kor fysisk det erotiske i *Calamus*-dikta eigentleg var.

<sup>4</sup> Jf. forordet i Walt Whitman: *Tilegnet den usynlige verden* (1984), red. Kurt Narvesen og Håvard Rem. Av dei 52 dikta er tre frå *Calamus*-bolken.

<sup>5</sup> Etterordet er ein revidert versjon av artikkelen "Walt Whitman og trongen til kameratar" i *Bokvennen* 2/1994.

<sup>6</sup> Dagbladet trykte i august same året fire usignerte epistlar, "En amerikansk Folkedigter", baserte på Rudolf Schmidt artikkel. Eit utdrag blei også trykt i *Illustrerte Folkeblad* 22.2.1874. Bjørnson blei bedt om å gå inn i redaksjonen av tidsskriftet i staden for sin gode venn, den danske kritikeren Clemens Petersen, som flykta til USA i 1969 på grunn av ein homoseksuell episode i heimlandet.

Walt Whitman har skaffet meg en glæde, som ingen ny mann og bok på mange år har hatt ifølge, og i én henseende den største jeg noensinne har hatt. Aldri hadde jeg i *mine* dager tenkt at få hjelp i ånd fra Amerika, - men således og ikke annerledes måtte den naturligvis komme! (...) jeg gikk betaget i dager beveget, og ennå gjæster de store inntrykk meg, som var jeg på havet og så forbi-drivende is-bjerger, der varsler våren.<sup>7</sup>

Via Schmidt sendte Whitman eit dedisert eksemplar av sine *Leaves of Grass* til Bjørnson, samtidig som han komplementerte nordmannen med hans nyleg omsette noveller. At Bjørnson hadde stor sans for Whitman, viser følgjande episode. Då han fekk Whitmans dikt i posten, hadde han besøk av Rasmus B. Anderson, professor i skandinavistikk ved Universitetet i Wisconsin, og då Anderson flau måtte innrømme at han aldri hadde høyrd om Whitman, skjelte Bjørnson ut amerikanarane for å la sine mest begava diktarar svelte.

I det politiske kampskriftet *Democratic Vistas* (1871) hevdar Whitman at det amerikanske demokratiets framtid er avhengig av ein intens og kjærleg kameratskap, ein personleg og lidenskapleg godhug menn imellom, og ein sterk og livslang mannleg venskap. Rudolf Schmidts omsetjing av essayet, *Demokratiske Fremblik*, kom på dansk i 1874 og fekk ein lang og grundig omtale av Kristian Elster d.e. Han konkluderte med at "denne Bog vil ialfald give Læseren Respekt for en Sag, som omfattes med en saa dyb Sympathi, som forsvarer med en saa indtrængende Varme af en højt begavet, helt igjennem nobel og sanddru Personlighed". Mellom anna viser Elster til innhaldet i Whitmans nye demokratiske litteratur som "ogsaa skal udvikle det inderlige og kjærlige Kammeratskab, den ægte, personlige Hengivenhed mellem Mand og Mand". Men Whitman blir kritisert for å ha ei altfor romantisk tru på demokratiet, og for ikkje å "have den kristelige Opfatning af Menneskenaturen" (jf. Aftenbladet 1.4.1874).

Den norske læraren og forfattaren Kristofer Janson, og Bjørnsons venn og nabo på Aulestad, uttrykte ei nærmast udelt begeistring for Whitman, som han både kalla "Demokratiets Sanger" og "den amerikanske Realismes Profet og Apostel". I 1879-80 reiste Janson rundt i USA på foredragsturné der eitt av foredraga var om Whitman og hans "Græsblade", i stor grad basert på Schmidts artikkel og bok (inkludert Schmidts versjon av "Til deg, å demokrati"). Det var noko eigeleg rusande i Whitmans poesi, tykte Janson, der rytmen var like uregelmessig som sjølve naturen: "det er saa raat naturfriskt altsammen, saa pene Folk maa se til at ha' sig hjem". Ifølgje Janson er dei mest sanslege dikta korkje usedelege eller motbydelige, men smaklause, samtidig som han understrekar Whitmans ord om "hvert enkelt Individets Ret til at være til med sin Eiendommelighed" (jf. Jansons *Amerikanske forholde*, 1881).

Knut Hamsun, som ei tid var sekretær hjå Kristofer Janson, delte ikkje diktarprestens begeistring for Whitmans dikt: "Forfatteren kalder selv dette Arbejde Sange, (...) Det er da i Virkeligheden heller ikke Sange, ikke mér end Multiplikationstabellen er en Sang; (...) – jeg vil i al Beskedenhed og simpelthen kalde Walt Whitman en Vild, han er en Naturlyd i et udyrket Umland." Ifølgje Hamsun er Whitmans beste dikt nettopp å finne i *Calamus*-bolken fordi han her syng om kjærleiken til menneska, og fordi enkelte av orda i desse dikta er "vinholdige"(!). Som døme omset han nokre linjer frå "Til deg, å demokrati". Elles ironiserer Hamsun over det overraskande enkle og klare i diktet "Stundom med ein eg elsker", og gjer narr av Whitmans tvil om sin eigen skugge i "Den skuggen som liknar på meg". På dette tidspunktet har den norske dikteren sjølv enno ikkje debutert, men han er ikkje i tvil når det

---

<sup>7</sup> Bjørnsons brev 27.3.1872 er sitert frå *Bjørnstjerne Bjørnsons brevveksling med danske 1854-1874* (3 bind 1970-74); uthevingane er Bjørnsons egne. Les meir om Whitman og Bjørnson, brevvekslinga mellom Whitman og Rudolf Schmidt og om Whitmans møte med Clemens Petersen i: Jan Olav Gatland: *Bjørnstjerne Bjørnsons venskap med Clemens Petersen – og andre menn* (2002).

gjeld amerikanarens talent. Whitman er flink til å juble og føle – med sitt "primitivt-tøjlesløse Følelsesliv", men skrive, nei, det kan han ikkje (jf. Hamsuns *Fra det moderne Amerikas Aandsliv*, 1889.)

Like etter at Whitman døydde i mars 1892, trykte *Samtiden* ein nekrolog frå eit tysk tidsskrift, skriven av Hinrik Thym. Stikkordet her synest å vere *sunnt*: Whitman hadde ein mandig og *sunnt* karakter, ei moralsk og *sunnt* kraft, ei *sunnt* ånd og var *sunnt* medisin for den skakkjorte yankee-intelligensen. Men diktar var nok Whitman ikkje; dikta inneheld stort sett ikkje anna enn *sunnt* prosa. *Samtiden* skulle trykkje enda ein nekrolog over Whitman, skriven i juni 1892 av ein nordmann i USA, men den kom ikkje på trykk før året etter, i 1893. Bak den tretti siders lange minneartikkelen, som går over tre nummer av tidsskriftet, står unitarpresten Hans Tambs Lyche (som saman med Kristofer Janson grunnla "Broderskapets kirke" i Oslo i 1895). Som dei andre "biografane" legg han vekt på at Whitman var svært folkeleg (av handverkar-/småbrukarfamilie), hadde lite skulegang og måtte tidleg ut i arbeid. Han likte å prate med alle slags folk, prest som sjauar og "kjendte alle omnibuskjørerne paa Broadway helt intimt". Han var ei sunnt, frisk og lystig sjel, yr av livsglede som når han møtte ein venn på gata: "saa greb han hans haand og klemte den, saa der blev hvide merker efter fingrene, eller han stak sin arm under vennens eller slog den om hans hals". Ifølgje Tambs Lyche fantest det ikkje ein betre venn, eit varmare hjarte, og siterer frå "Protokollførarar i komande tider".

Tambs Lyche vedgår likevel at Whitman ikkje er nokon ordkunstnar, og at det i dikta hans kan vere "linier, der gjør samme virkning paa en, som en mjauende kats indtræden paa scenen midt i det mest gribende optrin". Alt er natur og spontanitet, glødande bilete og sanslege stemningar, der det viktigaste er innhaldet, ikkje forma. Songane hans er meir ei slags messing i slekt med gamle skaldar, orakel og spåkvinner. Den frisinna presten understrekar at Whitmans yndlingsord er kamerat, og at hans demokratiske framtidsdraum er "en hel verden fuld af helt udviklede, kjække, mandige personligheder, forenet ved sympathi og kjærlighed i et eneste stort kammeratskab".<sup>8</sup>

Litteraturhistorikaren Just Bing set Whitmans lange linjer fast i halsen, og hans poetiske realisme blir ei blanding av "tørre Ramser og storslagne Fantasi-Syner" (jf. hans *Europas litteraturhistorie i det 19de aarhundrede*, 1906). Bibliotekbyrokraten og skribenten Arne Kildal peikar på si side både på det sublime og stundom hjelpelause hjå Whitman, men som diktar er han ikkje til å kome utanom. Kildal framhevar òg Whitmans brorskapkjensle og hans gjensidige kamerat-kjærleik som einaste band mellom menneska. Felles for *Calamus*-dikta er at dei er svært personlege, og at det er samanfall mellom dikteren og det lyriske *eg* (jf. tidsskriftet *Vor Verden* 1930, også trykt i Kildals bok *Amerikas stemme*, 1935).

Fordi Whitman sjølv var så sterkt til stades i dikta sine, og ikkje la skjul på sin hyllest til mannleg vennskap og kjærleik, fann til dømes den danske forfattaren Johannes V. Jensen det oppportunt å skilje mellom Whitman som menneske og som diktar. Jensen omfamna Whitmans prosaiske lyrikk og omsette to av *Calamus*-dikta hans i *Hjulet* (1905), ein roman med handling frå Amerika der den unge nordiskætta dikteren Lee blir forsøkt forført av den sterkt usympatiske og homoseksuelle predikantsvindlaren Evanston. Som Lee hadde også romanens forfattar mange godord til overs for Whitmans dikting, men ikkje for hans

---

<sup>8</sup> Det finst mange vitnesbyrd om Whitmans særeigne evne til å omgåast folk, t.d. Niels Møller i *Verdenslitteraturen* III (1929): "han havde en mærkelig kvægende, ren ozonagtig Personlighed (en ung Mand, der havde talt med ham en Timestid, gik Uger efter 'som i en let Champagnerus' ...)". Møller meiner elles at Whitmans lyriske forbilde var "Opera-Recitativer med Ossian og Psalmerne".

"abnorme" person. I *Politiken* skreiv Jensen at Whitman "med et fint Ord var Homoseksualist, men at han iøvrigt var det paa den almindelige gemene Maade", og omtalte seinare Whitman som eit kvinneleg stemt instrument med ei overflatisk feminin sjel.<sup>9</sup>

Samanlikna med Jensen går likevel Georg Brandes mykje lenger, men på ein meir finurleg måte. Den høgt respekterte litteraturkritikaren ignorerte Whitman fullstendig, og skal berre ha nemnd han ein einaste gong, under eit besøk i England i 1913: "Eg ser ikkje mykje i Walt Whitman eller Oscar Wilde. Eg tek dei under eitt." Årsaka til Brandes negative haldning kan vere at det ikkje var han som hadde oppdaga Whitman, men derimot erkerivalen Rudolf Schmidt.<sup>10</sup>

Av norske diktarar veit vi at Sigbjørn Obsfelder sette Whitman overmåte høgt, og fleire har peika på ein nær slektskap. Obsfelder var i Amerika frå 1890 til 1891, og skreiv seinare til bror sin at han godt kunne tenkje seg å bli Whitmans etterfølgjar (jf. A. Hannevik: *Obsfelder og mystikken*, 1960). Om Aasmund Olavsson Vinje har det vore sagt at han "har eit sidestykke i stort format hjå Walt Whitman, stundom med slåande parallell" (jf. S. Skard: *A.O. Vinje og avtikken*, 1938). Men den norske dikteren som flest har samanlikna med Whitman, er utan tvil Henrik Wergeland. Berre 11 år skil dei i alder, men Wergeland døydde alt i 1845, ti år før den første utgåva av *Leaves of Grass*.

Den første som nemner dette, er antakeleg Vilhelm Troye i boka *Henrik Wergeland i hans digtning* (1905, utg. posthumt 1908). Han meiner at hjå Wergeland er arbeidet med forma underordna innhaldet, meir enn hjå nokon andre – kanskje med unntak av Walt Whitman, "hvis den slags uartikulerte udbrud og skrig kan kaldes poesi". Troye kjende etter alt å døme godt til Whitman og det særeigne innhaldet i dikta hans. Vilhelm Troye budde nemleg i England eit års tid hjå Edward Carpenter, "en aandsbeslegtet englænder" som Troye blei god venn med etter eit besøk den homoseksuelle forfattaren og sosialisten gjorde i Utne tidleg i 1880-åra. Carpenter var ein ivrig disippel av Whitmans livsfilosofi, brevveksla med han og hadde vore saman med han i USA – noko Troye heilt sikkert var underretta om. Troye understrekar kor stor og viktig plass mannleg vennskap har hjå Wergeland: "Ingen erotik kan være mer glødende."

*Calamus*-sida av Wergeland finn vi i skodespelet *Venetianerne* (der det m.a. heiter at vennskap er kjærleikens sanne hjarte) og i enkelte av ungdomsdikta, hevdar Frederik Schyberg. Hjå Wergeland drikk venner av sjela til kvarandre på same måten som dei hjå Whitman tek hjarta ut av kroppen på den andre. Veggen til Whitman går gjennom Wergeland, slår Kjell Krogvik fast i *Samtiden* 1948. Det er ein nær slektskap mellom dei to diktarane, påpeikar Odd Martin Mæland i sin Wergeland-studie *Eros og Mythos* (1969), og viser særleg til Wergelands ungdomslyrikk.

Alle dikta i *Calamus*-syklusen er kjærleiksdikt, understrekar Frederik Schyberg. Dei uttrykkjer ei homoseksuell kjensle i alle sine nyansar, frå lengsel og tiltrekning, til lykkeleg foreining, sjalusi, sorg og død. Whitman vedgår alt i første diktet "På utrådde stiar" at han har flykta frå det vanlige livet og frå alle foreskrivne normer: "klart for meg at sjela mi / at sjela til mannen eg talar for, finn glede i kameratar". No er han i likevekt, ikkje lenger skamfull og kan gjere ting han elles ikkje ville ha tort. Han har bestemt seg for ikkje å syngje andre

---

<sup>9</sup> Jf. kronikk i *Politiken* 9.12.1906 og forordet til eit dansk utval av Whitmans *Digte* (1919).

<sup>10</sup> Jf. Frederik Schyberg 1933, og Schyberg om Brandes i den reviderte engelske utgåva av avhandlinga som kom i 1951 med same tittel: *Walt Whitman*. Då den amerikanske Whitman-spesialisten Gay Wilson Allen tilfeldigvis oppdaga Schybergs danske bok, blei han etter kvart så nysgjerrig at han byrja å lære seg dansk.; dvs det var kona hans, Evie Allison Allen, som lærte mest og som står som omsetjar av boka. Schyberg las gjennom manus, retta og reviderte, men døydde året før den engelske utgåva kom ut.

songar enn dei om mannleg og atletisk kjærleik: "å lovprise trongen til kameratar." Men det mest gripande og mest openhjarta kjærleiksdiktet i heile *Leaves of Grass* er, ifølgje Schyberg, "Timar held fram lenge". Diktet stod trykt i *Calamus*-seksjonen i 1860, men blei seinare fjerna frå heile samlinga, fullt ut forståeleg påpeikar Schyberg, fordi det ikkje var til å misforstå, men utelatinga reduserte den kunstnariske verdien ved boka.

Schyberg ser ikkje bort frå at den mannekjære Whitman aldri praktiserte sin avvikande seksualitet, at han nærmast var ein tragisk figur og "homoseksuell" berre i ånda. Dette innestengte og aldri ytra kjønnslivet har ført til at hans kunstnarlege produsjon har blitt betre, dikta meir inderlege og intense – nettopp på grunn av forfattarens aldri tilfredsstilte erotiske lengsel. (Her bruker Schyberg sin landsmann H. C. Andersen som samanlikning.) Dikta er substitutt for fysisk nærvær. Whitmans manglande seksuelle praksis kan dermed – ifølgje Schyberg og andre – forklare dei mange autoerotiske trekka i dikta hans, til dømes i "Velluktande urter frå mitt bryst" og i "Dropar dryp".<sup>11</sup>

Få hadde som Walt Whitman mot til opent å syngje ut om sin homoseksuelle lidenskap, påpeikar Paul Gjesdal i 1932.<sup>12</sup> Per Arneberg, som sjølv har gjendikta Whitman (*Sangen om meg selv*, 1947) er ikkje fullt så direkte, men hevdar i forordet at *Calamus*-dikta fortel klart i kva retning Whitmans draging går i. I si eiga dikting er Arneberg inspirert av Whitman: "Alle kommer de til ham, de unge menn og elskere forlater sitt leie og rekker ham sitt hår til kyss /.../ Dig ser jeg, Walt Whitman, du vestens klare stjerne, med det guddommelige frø evig ynglende i dig..." (frå "Treet" i samlinga *Vandringar*, 1945).

Det er i dikta sine at Whitman kan vere den han *vil* vere, understrekar Paal Brekke i 1957: ein som elsker og blir elska av alt levande liv.<sup>13</sup> Denne oppfatninga blir delt av Sigmund Skard. Han omtalar Whitman som ein primitiv, ein villmann med ei sjel som var uløyeleg knytt til hans blodfulle kropp, til hans fysiske og sjelelege kjærleiksdrift, som grådig gjekk ut til alt og alle. Whitman var altså ikkje homoseksuell, men snarare ein slags mellomtype. Og fordi "kjønnskjenla hans greip vidare enn det normale", var den diktarske spennvidda hans stor. Skard talar også om "den grovare homoseksuelle dragnaden" som han meiner Whitman kjende som noko avvikande og ufriskt, utan at Skard forklarar dette nærmare.<sup>14</sup>

Trass i den tilsynelatande klare "bodskapen" det er å finne i *Calamus*-dikta står det mykje meir å lese mellom linjene enn i sjølve orda. Det er no også noko av poenget med lyrikk – det usagde, det som er opp til den enkelte lesar å tolke. Det er også vesentleg å få fram at om vi konstaterer at dei fleste *Calamus*-dikta har eit homoerotisk innhald, gjer ikkje dette nødvendigvis kvaliteten på dikta noko betre, men det hjelper oss til ei betre forståing av det enkelte dikt. Vi skjønar meir av kva diktaren meiner når han vedgår at han ikkje kjem til å etterlate seg noka rik arv, modig gjerning for Amerika eller intellektuell suksess: "Men eit par lovsongar som dirrar gjennom lufta, etterlet eg, / til kameratar og elskarar" (frå diktet "Inga arbeidssparande maskin")

Det har truleg vore noko av det viktigaste for Walt Whitman.

---

<sup>11</sup> I sin *The Western Cannon* (1994) skriv Harold Bloom at Whitmans dikt er homoerotiske, og at hans heteroseksuelle dikt ikkje har overbevist nokon, inkludert Whitman sjølv: "But for whatever reason, in his poetry as probably in his life, his erotic orientation was onanistic."

<sup>12</sup> Jf. Gjesdahls bokmelding av Nini Roll Ankers roman *Enken* i Tidens Tegn 3.11.1932.

<sup>13</sup> Jf. P. Brekke: *Amerikansk lyrikk*, 1957 – inkl. to *Calamus*-dikt.

<sup>14</sup> Skard er sitert frå *Under nye stjerner. Amerikansk lyrikk gjennom 300 år* (1960), *Verdens litteraturhistorie* (Bind 8, 1980) og frå forordet til ei nytgjeving av Per Arnebergs Whitman-gjendikting: *Sangen om meg selv* (1973). Skard har gjendikta fleire Whitman-dikt, men (så vidt eg veit) ingen frå *Calamus*-seksjonen.